

ÅRSPLAN FOR SFO VED HJELMELAND SKULE 2024/25



«SFO – TRYGG OG GOD»



Innhald

Innleiing.....	3
2. Styrande lovverk, vedtekter og planar	3
3. Verdigrunnlaget til SFO	4
4. SFO sitt innhald.....	4
4.1 Leik.....	5
4.2 Kultur	5
4.3 Fysisk aktivitet og bevegelsesglede.....	6
4.4 Mat og måltidsglede.....	6
5. Samarbeid med heimen	7
6. Praktisk informasjon.....	7
7. Hjelmeland SFO`s årshjul.....	9
8. Tilsette på SFO 2024/25	10
9. Kontaktinformasjon til SFO	10

Innleiing

Vår visjon på skulefritidsordninga er «SFO – Trygg og god», og me følgjer også skulen sin visjon «Me gjer kvarandre gode». Me skal heile tida arbeida for at SFO er ein plass der borna føler seg inkluderte, trygge og at dei vert sett. Me skal sjå og utvikla det beste i kvart enkelt barn. Me har som mål at alle born skal trivast og ha venner.

SFO nyttar same lokalar som skulen, og er ein del av skulen sitt læringsmiljø der vennskap og leik pregar aktiviteten. Dei tilsette er viktige støttespelarar for å leggja til rette for dette. Me er også opptekne av å etablera eit tett og godt samarbeid med føresette.

2. Styrande lovverk, vedtekter og planar

[Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga](#) pålegg skulen å ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn. Den seier også noko om mellom anna innhald og tilrettelegging.

[Kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø](#) i opplæringslova gjeld også for SFO. Den omhandlar barna si rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø.

[Rammeplan for SFO \(2021\)](#) gir nasjonale føringar for kva verdigrunnlag og kva innhald skulefritidsordninga skal og bør ha.

[Vedtekter for Hjelmeland kommune sine skulefritidsordningar](#) er utarbeida i tråd med § 13-7 i opplæringslova.

Internasjonale konvensjonar gjeld og for SFO, slik som [FN sin barnekonvensjon](#) om barna sine rettar, og [ILO-konvensjonen](#) nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.



3. Verdigrunnlaget til SFO

SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal verte formidla og praktisert i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtane. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

Verdigrunnlaget rammeplanen til SFO legg som føring består av følgjande:

- ❖ Barndommen sin eigenverdi
- ❖ Tryggleik, omsorg og trivsel
- ❖ Mangfald og inkludering
- ❖ Skaparglede, engasjement og utforskartrong
- ❖ Demokrati og fellesskap
- ❖ Berekraftig utvikling

4. SFO sitt innhald

- ❖ *SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulike alder og med forskjellig funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggja til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke.*
- ❖ *SFO skal ivareta barna sine interesser og introdusere nye aktivitetar. I tillegg til sjølv å tilretteleggja for aktivitetar kan SFO samarbeida med kulturskulen, lokale lag, foreiningar og organisasjonar for å gjennomføra og organisere innhaldet og aktivitetane. (Utdrag frå Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Hjelmeland SFO har eit bredt tilbod til ungene. Me er opptatt av å ivareta enkeltindivid og å opna for medverking når det gjeld innhald og gjennomføring. Me jobbar for å utvikle sosial kompetanse hos kvar enkelte barn.

Leik er viktig for utviklinga på mange områder. Den sosiale treninga, samhandling, språkutviklinga og evnene til å bli oppslukt av leiken. For å kunne leike er det avgjerande at borna føler seg trygge og at me vaksne er tilstade og støttar borna i inkludering. Me respektera kvarandre og forventar det same av barna.

I SFO snakkar me om at det skal være rom for alle uavhengig av kven man er og kor man kjem ifrå. Me leiker med språk og me opnar for at borna skal få nye erfaringar og nye meistringsområder. Me deler ofte gruppa i 2 eller i 3 og går til ulike stader eller gjer ulike aktivitetar. Det gir ennå meir fokus på enkelborn.

Digitale ressursar

Når digitale ressursar vert nytta i SFO, skal det skje på ein hensiktsmessig og forsvarleg måte, og slik at det kan stimulera barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling. Det er SFO sitt ansvar å ivareta barna sin sikkerheit og tryggleik på nett, og at reglar for personvern vert følgde. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

- ❖ I SFO nyttar me læringsbretta dersom det har ein pedagogisk verking. Det kan for eksempel vera å sjå på «teiknevideoar» eller «formingsvideoar», der me kan lære oss korleis me kan teikne og lage kjekke ting. Dans og musikk tar me fram for å lære og ha det kjekt. Til dømes Blime dansen. Me tar fram læringsbretta dersom det er eit tema me har på SFO. Da setter me på videosnutt og lærer om tema. Barna sitt aldri aleine med læringsbrettet, dei vil alltid bli følgt opp av de vaksne.

4.1 Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal tilrettelegge for og støtte opp om, at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

Ved Hjelmeland SFO står fri leik i fokus kvar dag. Me har mange forskjellige leiker tilgjengeleg. Nokre born trivst best med konstruksjonsleik, andre liker rolleleik og andre igjen trivest med dokketeater eller Barbie. For å legge til rette for leiken så har vi leikegrupper. Me ser at når nye leiker blir tilgjengelege så endre leiken også. Born som kanskje veljar bort leik til fordel for forming eller anna, veljar plutselig å leike dokketeater eller ha show. Vår oppgåve som vaksne er å hjelpe alle med å regulera seg, sleppa andre til eller å ta plass. Nye relasjonar oppstår når ein leik er så kjekk at ein ikkje vil slutta og ender opp med å starte neste dag med spørsmålet. «skal me leike det me leikte i går?».

Når me skal kjøpa inn nye leiker spør me borna kva dei ønskjer seg og prøver å møte nokre ønskjer.

Me er opptekne av å ha eit godt og variert utval av utstyr, leiker og spel. Me er heldige som har eit variert og flott uteområde ved Hjelmeland SFO. Me har gode inne- og uteområde som innbyr til ulik leik og aktivitetar, som m.a. turar i nærområdet, ballspel, klatring og tarzanjungel.

Hjelmeland SFO er flott plassert med natur på alle kantar. Naturen byr på så mykje. Me bruker fleire plasser i nærområdet, slik som Furutoppen, Sande og Tuntlandsskogen. I nærleiken har me og gapahuken, den benyttar me ofte, der lagar me mat, har aktivitetar som gjømmeleiken, boksen av og andre leiker.

4.2 Kultur

Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggja til rette for at barna får delta i forskjellige kunstneriske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skapa sine egne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykkje seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa vert representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur.

(Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

I forkant av høgtider som jul, påske, og anna har me alltid formingsaktivitetar kor me lagar gåver eller pynt til heimane. Me har grupper på fredagane der borna er med på formingsaktivitetar. Me har

moglegheit til å bruke mediateket på skulen til musikk og dans. Dersom barna vil ha show så bruker me mediateket til å ha show. Me markerer muslimanes høgtid Id og me markerer Samefolkets dag. Me legg vekt på at barna kan fortelje om sin kultur. Da respekterer me og bidrar til fellesskap i gruppa.

Kultur handlar for oss at kvart enkelt kan, dersom dei ynskjer, å få fortelje om seg sjølv, kvar dei kjem frå og lære kvarandre om sin bakgrunn.

4.3 Fysisk aktivitet og bevegelsesglede

SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremja barna si bevegelsesglede og motoriske utvikling. SFO skal leggja til rette for at alle barn får delta i variert bevegelsesleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggja til rette for aktivitetsformer som kan bidra til bevegelses glede, og som oppstår i leik saman med andre barn. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

I tilknytninga til skulen på Hjelmeland ligg ein stor idrettshall og fleire fotballbanar og sykkelløype. I feriane og når det er anledning , benyttar me oss av desse områda. Borna får vera med på å påverka innhaldet i desse aktivitetane. Me motiverer alle borna til å vera med og me legger aktivitetane på et nivå som passar for alle. Kvardagen består mykje i fri leik, og store delar av barnegruppa vel å vera ute. Då er det eit høgt aktivitetsnivå både på fotballbanen, basketballbanen, i skogen, på sparkesykkel o.a. Ei av fredagsgruppene inneheld fysisk aktivitet der det er tilrettelagte aktivitetar.

Saman med skulen jobba me for trivsel. TL-leikar er noko skulen arrangerer i friminutta og me på SFO tar dette med oss vidare. Inkluderande trivselsleder (TL) er elevar som bidrar til eit betre samhold og eit tryggare skulemiljø, gjennom organisert aktivitet i friminuttane. Barna lærer dei ulike leikane og visar at dette er noko de synes er kjekt. Me prøver å få til TL-leikar på fredags gruppene dersom me er ute.

4.4 Mat og måltids glede

SFO skal leggje til rette for daglege måltider som gir barna grunnlag for å utvikla matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å eta i løpet av tida dei er på SFO. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

SFO Hjelmeland serverer mat kvar dag etter skuletid. Dei lange skuledagane gir lite rom for store måltid så dei dagane et me knekkebrød, polarbrød, varm mat eller anna. Me har forskjellig pålegg og lyttar til borna sine ønsker når me handlar inn mat.

Hjelmeland SFO tilbyr ikkje frukost, så her må barna ha med sjølv dersom dei et på SFO. Dei må ha med seg nistepakke på fredagar som me et 11:30 og me lagar anna måltid og et igjen ca 13:30.

Borna har faste sitteplassar på basane og me sit saman med borna når me et. Det er ønskeleg at alle har med seg drikkeflaske. Alle ryddar opp etter seg. Me øver på å vente på tur og sitte i ro mens andre et. Me vil ikkje at barna skal vandre rundt i romma mens andre et. Vaksne er plasserte på romma og sitt saman med barna når me et.

5. Samarbeid med heimen

Hensynet til barna sitt beste skal ligge til grunn når SFO samarbeidar med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar. (Rammeplan for SFO: 2021).

SFO har som mål å ha eit tett og godt samarbeid med føresette. Føresette skal vera trygge på at barna har det trygt og godt på SFO. For å oppnå det legg me til rette for å etablera ein open og god dialog, både i det daglege i bringe- og hentesituasjonen, og på foreldremøte. Me ønskjer at føresette kjem opp til SFO for å levere og hente barna.

Me forventar at føresette snakkar positivt om skulen og SFO til barna sine, og tek opp usemje direkte med SFO.

Kommunikasjon:

Kvar månad sender SFO ut eit månadsbrev saman med ein månadsplan. Det er for å gje føresette eit innblikk i kva som har skjedd og kva som skal skje på SFO.

IST home er ønskja plattform for daglege beskjeder som sjukefråvær eller anna. Me brukar IST home her på SFO.

Dersom dykk ønskjer å prate om noko anna så send gjerne ein mail eller ring.

Informasjon og påmelding til ferier kjem også på IST. Me har eit stort ønskje om at føresette les informasjon for å unngå misforståing. Det er viktig å halde seg til fristar på ferier, viss ikkje så hender det at barnet ikkje får plass i ferien.

Skulen sitt samarbeidsutval og FAU tek opp tema som omhandlar SFO si verksemd. Der bør det sitja ein representant med barn i SFO, som kan ta opp tema som omhandlar SFO på vegne av foreldregruppa.

6. Praktisk informasjon

6.1 Informasjon om SFO på heimesida til Hjelmeland kommune

På heimesida til Hjelmeland kommune finn du informasjon om SFO:

<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skulefritidsordning-sfo/>. Der finn du m.a informasjon om:

- Prisar på SFO
- Informasjon om redusert foreldrebetaling
- Opningstider
- Informasjon om den enkelte SFO (under «Finn SFO»)
- Vedtekter
- Ferie- og plandagar
- Lenkje til oppvekstportalen, kor ein m.a. søker om endring av opphaldstid og oppseiing av plass: <https://hjelmeland.ist-asp.com/NO01133-pub/login.htm>. Føresette logger seg inn i oppvekstportalen, og går inn på plasseringa til barnet. Her vil de finne moglegheit for å seie opp plass eller endre plasstype.
- Timeplan legg dykk inn i IST Home

6.2 Opningstider og feriedagar

SFO har ope alle virkedagar i 11 månadar, med unnatak av 5 plandagar. I 2024/25 er SFO stengd pga plandagar på følgjande datoar: 13. og 14.august, 15.november, 02. januar og 30.mai.

SFO er også stengd 4 veker i juli, veke 27,28,29,30. I dei andre feriane er SFO open dersom det er minst tre born på SFO.

Ved for få born (1-2), kan desse få tilbod om plass i ein annan SFO dei aktuelle dagane. Me sendar ut på melding til dei ulike feriane via IST Home.

6.3 Dagsplan:

SFO opne 07:30. For dei som har behov og søkjar om dette kan SFO opne 07:00.

Dei som vil ete frukost har dette med seg. Det er leik og spel fram til ca 08:40, då ryddar me og går ut for å få eit lite friminutt før skulen byrja.

Etter skuletida: Me startar med å registrering i døra før alle vaskar hendar før måltid. Me et før det er leik inne/ute, spel, forming eller liknande. Tysdag er ein kort dag på SFO, så me har utedag. Me tilbyr ulike aktivitetar og/eller frileik i uteområda. Fredag er ein lengre dag, barna spis matpakken før me har variert opplegg, tur, forming, leik, spel, matlaging og likande. Kvar fredag bytar me på kven som få være med på kjøkkenet og lage mat.

6.4 Klede:

Alle klede må merkast med namn. I garderoben har kvart barn ei knagg og hylle med namn der dei skal leggja klesskift. Det er viktig at føresette skjekker at barna har det som trengst av sko og klede for å kunne vera ute. Me er ute uansett vær på SFO.

Siste fredag i månaden er det ta med alt av klede i garderoben heim. Dette er for at vaskepersonalet skal kunne vaske godt over i garderoben. Det er også viktig at ute kler blir vasket, og at ein fyller på skift i hyllene.

6.5 Bursdag:

Bursdag er ein stor dag, og det skal markerast. Hjelmeland SFO markerer bursdagen siste fredag kvar månad. Då feirar me alle som har bursdag den aktuelle månaden. Bursdagsmenyen varierer og bursdagsbarna er med i komiteen der dei saman medverkar og blir einige om måltid og dessert. Bursdagskomiteen er med på kjøkkenet og lager til. Her jobbar me for at barna skal lære å hjelpe til, samarbeide og føle på ansvar.

På sjølve dagen barnet har bursdag, heng me bursdagsballong med bilde på døra til SFO. Barna for også eit bursdagskort med helsing frå SFO. Siste fredag i måneden for barna bursdags krone. Bursdagskomiteen for velje kva som skal skje på bursdagsfeiringa. Det kan være fotball, dans, kanonball, frileik osv.

7. Hjelmeland SFO`s årshjul

Månad	Årshjul
August	<ul style="list-style-type: none">- Bli kjent med barn og vaksne på SFO- Bli kjent med skulen, SFO, og uteområdet- Bli kjent med reglar og rutinar- fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring
September	<ul style="list-style-type: none">- Bli betre kjent- Leik i skuleområdet- Fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring
Oktober	<ul style="list-style-type: none">- Leik i skuleområdet- Haustferie i uke 41- fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring
November	<ul style="list-style-type: none">- Starter med julebakst- Starter med å laga julegåver- fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring
Desember	<ul style="list-style-type: none">- Me lagar julestemning- Nissefest- Grøt i skogen og besøk av nissen- Uteaktiviterer- Juleferie- fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring
Januar	<ul style="list-style-type: none">- Skulen starter opp- Gjør oss klar til samedagen- Håpar på snø og uteleik- fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring
Februar	<ul style="list-style-type: none">- Bake fastelavensboller- Vinterferie i veke 9- Samenes dag- fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring- TL- leiker
Mars	<ul style="list-style-type: none">- Me lager påskepynt- Vi markerer fastelaven- fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring
April	<ul style="list-style-type: none">- Nasjonal SFO-dag onsdag 30.04- Påskepynt- Besøk av barnehagen- fredagar: tur/grupper/bursdagsfeiring
Mai	<ul style="list-style-type: none">- Friluftsveker veke 21 og 22- 17.mai aktiviteter- Får besøk av neste års 1.klassingar

Juni	<ul style="list-style-type: none">- Tid for uteleik. Me både et og leikar ute.- Sommarfest- Bursdagsfeiring
------	---

8. Tilsette på SFO 2024/25

Jovana Divjak
Lene Berge
Elisabeth Sæbø
Elisabeth Nesvik
Elin Kvame Jansen
Beate Langeland
Karen Vårvik Sjørestad
Elisabeth Vaage Johansen
Serine Gutierrez Fiskeseth
Tetiana Monko

9. Kontaktinformasjon til SFO

Du kan ringja til SFO i opningstida. Me opnar vanlegvis kl. 07.00 for dei som har fått innvilga forlenge opningstid og stengjer kl. 16.15

SFO mobil: 40439198

Konstituert SFO-leiar Jovana Divjak: 99114838

E-postadresse: jovana.divjak@hjemmeland.kommune.no

IST Home